

Uttale til framlegg om endring i paragraf 9, målbruk.

Styret i Fjærland ungdomslag har drøfta framlegget frå styret i Noregs ungdomslag (Nu) og ynskjer å koma med ein sterk uttale.

Det er sjølvsgatt lov, og kan vera rett, å føreslå endringar i lovene til eit lag. Tidene og føresetnadane kan endra seg. Men dette framlegget er etter vårt syn undarleg å fremja no, syner ein merkeleg framgangsmåte og styrehandsaming i Nu og er uvanleg dårleg argumentert for.

I jubileumsåret til Nu vel ein å fremja eit framlegg som tek vekk ein av dei viktige bærebjelkane som har vore der sidan starten, ein av dei verdiane som har definert Nu, nynorsken. Det i seg sjølv er undarleg, for å nytta eit mildt uttrykk. Ein gjer det etter at ein har lagt ned medlemsbladet, slik at kommunikasjon ut til medlemmane er sær s mangelfull, og utan å ha etablert andre plattformer medlemmar kan få informasjon frå, og nytta til meningsbryting. At ein har sær s mangelfulle digital kommunikasjon er diverre tydeleg, og syner at det var forhasta og feil å leggja ned bladet. Ein når ikkje ut til medlemmane med dette, og dei har vanskeleg for å drøfta det.

Framgangsmåten er merkeleg og. Ein legg dette fram som eit framlegg frå styret, men argumentasjonen er berre noko som vert kalla tankar frå leiar, og som er ei rar samling lause tankar frå ein einskild person. Det er hans eigne vurderingar knytt til tilfeldige samtalar, fundering på sein kveldstid og fordomar mot nynorsk han spreier fritt rundt seg. Enno meir merkeleg er det at det andre lovendringsframlegget om rusgift, der det er delt innstilling, også berre vert argumentert for via «leiar sine tankar» Ingi drøfting om ulikskapane i framleggi, eller seriøs drøfting av tema. Likevel framstår dette framlegget som betre fundert. Det seier vel sitt!

Så er me det som er verst, argumentasjonen. Den held ikkje vatn på nokon måte. «For 125 år sidan var landsmålet ei sak som fenga i tida.» *Nynorsk fengjar enno. Sjå kva som skjedde då Fpu hadde sitt hatske utspel mot nynorsk i valkampen. Mållaget fekk 1500 nye medlemmar, og mange tok til pennen.*

«Men til tider har nynorsken òg kjenst som ein hemsko. Særleg i arbeidet med å rekruttere nye lag i område der nynorsken står svakt eller ikkje er i bruk. Kva er det viktigaste for oss som organisasjon?» *Tydelegvis ikkje å stå for verdiar som ein har hatt i 125 år! Og kvifor er det ein hemsko? Alle lokallag, nye som gamle, kan nytta den målformi som dei ynskjer, det same gjeld fylkeslagi. Vil ein utelukka lag frå Nu ved at ein sentralt nyttar nynorsk er det grunn til å spyrja om dei er nemnande interesserte i å vera med. Ordet hemsko er rett og slett provoserande å sjå nytta her.*

«I framlegget mitt har eg satt opp landsrådet som vedtaksorgan for språkbruksplanen. Tanken er at landsmøtet ikkje skal trenge å bruke tid på eit slikt dokument, men samstundes at det er nokon andre enn styret og kontoret som skal ha siste ord» *Her er katten ute av sekken. Det er ikkje styret sitt framlegg, det er leiaren sitt framlegg. Samstundes er ikkje denne saki viktig nok til at eit årsmøte skal nytta tid på den, det kan landsrådet ta seg av. 125 år, og i jubileumsåret er det å kvitta seg med nynorsk noko ein tek før lunsj på landsrådet. Om ikkje denne saki er betre opplyst før den kjem der, er dette ein rein skandale.*

Det teiknar seg eit bilete av ei leiing som ikkje lenger ynskjer å stå for noko. Bladet vart lagt ned, slik at eit lag tufta på meningsbryting om dei store kampsakene ikkje lenger kan snakkast anna enn på landsmøti. Organisasjonen som samlar ei heil meng huseigande lag kring i heile landet (huseigarar som slit no) legg nær alle møte til Oslogryta, på hotell. For det er jo så mykje kortare **til** Oslo enn **frå** Oslo.

Laget som arbeidar for å ta vare på kulturverdiar, som tradisjonsdans og bunadsarbeid, finn verdien av nynorsk som ein hemske. Kvifor ikkje gå inn for hip-hop og hettegensarar med det same? Tradisjonsdans og bunadar må då hemma oss noko veldig? Få det bort!

Fjærland ungdomslag vil på det sterkast råd til at dette framlegget vert røysta ned, om ein då ikkje tek til vit og trekkjer det før landmøtet.

Fjærland 14.12.2021

Fjærland ungdomslag